



Arkiv nr:

Sak nr 13/2023

Møtedato: 24.04.2023 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Uttale til endring av reg.føresegn_Vaset Stadion

Det er komme ei sak til uttale frå Statskog, som gjeld inngjerding av hytte F871 på Vaset. Følgjande uttale frå Statskog ligg føre:

Fnr. 871 har ligget som et punkt feste og med 2500m2 inngjerding. I forbindelse med at fester søkte om rivning av annekset og oppføring av nytt med samme plassering, satte Statskog krav om oppmåling av tomtearealet i henhold til reguleringsplanen. I tillegg måtte det gamle gjerdet rives og fester ble informert om å søke om inngjerding av bebyggelsen etter vanlige regler. Tomtearealet er på 1400m2. På grunna av at det er anlagt bål plass, plating og murt opp murer, så ønsket fester og Statskog å endre noe på tomtegrensen slik at installasjonene blir liggende innenfor tomtearealet. Fjellstyret fikk saken til uttalelse og behandlet i tillegg søknaden om inngjerding. Fester ønsker å få gjerde inn hele tomtearealet med trådgjerde. Statskog har på bakgrunn av det er gitt tillatelse til å inngjerde maks 1000m2 med tregjerde. Rekvisisjon er sendt kommunen.

Statskog har mottatt sak fra kommunen hvor kommunen velger å endre reguleringsbestemmelsene enn å gi dispensasjon. Dette innebærer at tomtegrensene justeres noe gjennom reguleringsendring. I tillegg ønsker kommunen å endre noe på §1 pkt.11 i reguleringsforsøgnene. Det skal kunne inngjerdes 500m2 i tillegg til tillatt bebyggelse og dette er også i tråd både med kommuneplanen og det vi praktiserer innenfor statsallmenningen. I tillegg så ønsker kommunen følgende:

«For frittliggende eldre eigedomar med eksisterende gjerde, kan en etter ei konkret vurdering tillate inngjerding av større areal og anna gjerdetype.»

Dette var ikke intensjonen da vi rekvirerte oppmålingen at reguleringsbestemmelsene skulle endres. Statskog stiller seg litt undrende til at kommunen ønsker å legge inn slike endringer i en eksisterende reguleringsplan innenfor statsallmenningen. Statskog tenker at når en skal regulere bestemmelsene i en reguleringsplan som ligger innenfor statsallmenning i sin helhet, så er det også viktig å få med en setning om at grunneiers tillatelse også må foreligge ved grunnndisponeringer. Det gjelder jo mer enn bare inngjerding (§1 pkt.11).

Statskog ber om en vurdering fra fjellstyret vedrørende dette.

Vurdering:

Det er tidlegare sendt ei uttale i denne saka, som gjaldt både inngjerding om tomtegrenser. Vedtak i sak 04/2023:

Vestre Slidre fjellstyre er positiv til endra arrondering av tomt jfr tilsendt forslag med føresetnad at den ikkje overstig tidlegare godkjent areal. Av omsyn til friluftstinteresser og predesens som kan overførast andre område med landbruksinteresser er ein negativ til inngjerding ut over 1 000 m2 i dette tilfellet. Det bør og oppretthaldast krav om tregjerde for fritidsbustader

I praksis gjev det liten verknad om det fattes endringsvedtak eller dispensasjon så lenge vedtaket held seg til den intensjonen som er fremja gjennom fjellstyrevedtaket.

Imidlertid deler ein Statskog sin skepsis på at det gjes ein delegert (?) mulegheit å kunne fritt endre tillatt inngjerding slik det er fremja frå kommunen. Det er mange hytter i statsallmenninga som har store gjerder, nokre utan gjerdingsløyve frå Statskog men og ein del med midlertidig løyve. Denne er til einkvar tid avhengig av beitesituasjonen, som endres over tid. Det å ta inn eit løyve på den måten i reguleringsføresegna er unødig finn administrasjonen, då alle gjerdesaker uansett må gjennom Statskog. Før Statskog gjev uttale, må fjellstyret høyrast. Det er og slik at alle gjerdeløyver for hytter må gjennom Statskog, der det berre gjes midlertidig løyve som kan seiast opp.

Det med å tillate ytterlegare gjerde ut over det prinsippet som er nedfelt gjennom kommuneplan og nær sagt alle reguleringsplanar i kommunen bør heller ikkje endrast gjennom ein delegert sak i kommuneadministrasjonen, men løftast opp til kommunestyret for å få ei prinsippavklaring om dette faktisk er politisk ynnsjkeleg.

Oppsummering:

Saka er drøfta med Statskog, og det er einigheit mellom fjellstyreadministrasjonen og Statskog om følgjande utgangspunkt (utdrag frå Statskog):

- Vi mener det ikke skal åpne for større inngjerdingen enn det vi allerede praktiserer.
- Vi ønsker ikke å lempe på dagens bestemmelser. Ei heller når det gjelder type gjerde. Vi ønsker å fortsette med det som er bestemt og som blir praktisert i dag.

- *Det er viktig å få fram at inngjerding ikke er en evigvarende rett, men kun noe som en kan søke om dersom det er behov ved problemer med beitedyr i området.*
- *Inngjerdingen er oppsigelig og blir beitetrykket borte, så kan Statskog kreve gjerdet fjernet.*
- *Statskog kan etter høring hos fjellstyret gi en tillatelse til inngjerding utover vanlig regler, men da praktiseres maks opp til 1000m2 uansett om tomtearealet er større. Dette kan forekomme i områdene med gammel bebyggelse som gjerne er plassert lengre fra hverandre enn en bygger nå. Historikken er også med i vurderingen i slike saker. Dette er ikke saker som det skal åpnes for gjennom reguleringsforesegnene. Inngjerding over 1000m2 blir ikke aktuelt. Her vil hver enkelt sak bli vurdert av alle involverte parter.*
- *Vi mener at foreslåtte endring i første setning i §1 pkt.11: (fra inkl til tillegg til..) er ok omgjøring da det harmonerer med både kommuneplanen og Fjellstyret og Statskog sine retningslinjer og praksis.*
- *Vi mener foreslåtte ny tilleggssetning til slutt i §1 pkt11 strykes.*
- *Vi foreslår at det legges til en ny setning i §1 pkt11: Grunneiers (Statskog SF) tillatelse må innhentes. På denne måten så ivaretas også fjellstyrets interesser, da de er høringspart jf. Fjellovens § 12.*

Forslag til vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er negativ til omsøkt reguleringsendring som går på auka inngjerding/anna gjerdetype enn utforming i tre. Ein tilrår ikkje endra politikk når det gjeld inngjerding på generelt grunnlag, og ber kommunen fremje politisk sak for kommunestyret dersom ein skal endre dette.

Vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er negativ til omsøkt reguleringsendring som går på auka inngjerding/anna gjerdetype enn utforming i tre. Ein tilrår ikkje endra politikk når det gjeld inngjerding på generelt grunnlag, og ber kommunen fremje politisk sak for kommunestyret dersom ein skal endre dette.

Fjellstyret har ikkje fått høyringsbrevet til uttale frå kommunen, og minner om at vi er høringspart når det gjelder slike saker.

Vedtaket er samrøystes.

Tilråding/uttale frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.04.2023

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog
Vestre Slidre kommune